

luttprisen 2026

Fagdag

NYNORSKHUSET
FØRDE
7.MARS 2026

Ein møteplass for artistar, arrangørar
og musikkbransjen i Sogn og Fjordane

LUTTPRISEN

Fagdag

NYNORSKHUSET



Sofaprat med
Rolf Magne Golten
Andersen og Iselin
Solheim

Parallellsesjon for
artist og arrangør

Registrering,
lunsj og mingling

FRÅ
11:15

12:00-
16:00

16:00

Luttprisen 2026

19:00

Velkomen til Luttprisen Fagdag – ein inspirerende møteplass for artistar, arrangørar og aktørar i musikkbransjen i Sogn og Fjordane!

Dette er dagen der vi samlast for å dele kunnskap, bygge nettverk og styrke musikkmiljøet i fylket vårt. Gjennom spennande innlegg, faglege diskusjonar og praktiske råd frå erfarne bransjeaktørar får du verktøya du treng for å ta neste steg – anten du er artist, arrangør eller jobbar med musikk på ein annan måte.

Fagdagen vert arrangert i samarbeid med Teater Vestland på Nynorskhuset i Førde og er heilt gratis å delta på. Med to parallelle løp – eitt for artistar og eitt for arrangørar – blir innhaldet skreddarsydd for å gi størst mogleg utbytte for deltakarane. Vi har med oss aktørar som Norske Kulturarrangørar og Brak som bidreg med verdifull innsikt.

Dagen rundast av med ein inspirerende sofaprat med Stian Sjørson Takle, Rolf Magne Golten Andersen og Iselin Solheim, før kvelden kulminerer i Luttprisen-showet – ein unik konsert med artistar frå fylket og utdeling av prisane som hyllar dei som gjer ein forskjell i musikken vår.

Dette vil du ikkje gå glipp av!

Fellessesjonar for artist og arrangør

Tek KI over musikkbransjen?

12:00 -
12:45

Vil reine KI-prosjekt prege hittister, kjempe om plassen på scenene og speletida i radioen? Vi har alt hatt reine KI-prosjekt på toppen av spelelister. Vi har sett festivalar som har booka artistar med rein KI-produsert musikk. Øydelegg dette for dei ekte artistane? Panelsamtale med blant anna: dagleg leiar i BRAK Vegard Moberg, bookingsjef Freddy Brakestad i Norsk Countrytreff, musikk sjef Atle Bredal i NRK, artist Aleksander Raftevoll (Aleks Grey) og Fred Reiersen på Scandic Sunnfjord Hotel.

Kunsten å skrive suksessar!

16:00 -
16:45

Sofamøte med Rolf Magne Golten Andersen og Iselin Solheim. Høyr deira elleville og inspirerande historier! Rolf Magne har skapt Kokosbananas frå bygda Dale i Fjaler. Dette er blitt eit av dei mest populære barneuniversa i Norge, med både sceneshow, bøker, musikk og lydbøker. Iselin Solheim frå Naustdal sang for heile verda i Alan Walker si låt Faded. No har ho som jobb å skrive låtar for andre. I sin jobb for eit av verdas største musikk selskap Warner Chappel har ho blant anna skrive låtar for gigantiske K-pop. artistar. Berre låta AFTER LIKE med IVE er srømna 457 millioner ganger på Spotify. Sofapraten er leda av prosjektleiar for Luttpriisen, Stian Sjørusen Takle i NRK.





Artist – Frå låt til publikum

Er du artist eller låtskriver som vil ta betre val for musikken og karrieren din i 2026? Luttprisen fagdag gir deg konkrete verktøy, ærlege samtalar og nye perspektiv på kva som faktisk verkar – no. Gjennom dagen ser vi nærare på korleis du kan nå ut til rett publikum i ei tid der algoritmane ikkje alltid er svaret, korleis du kan byggje karriere og få musikken ut – med eller utan apparat i ryggen – og kva rolle format, medium og språk spelar når du vil slå gjennom.

Algoritmer og anbefalinger

13:00 -
13:45

Kva avgjer om akkurat di låt eller video blir løfta fram – eller forsvinn i mengda? Dette foredraget gir ei konkret innføring i korleis algoritmar på sosiale medium og strømmetenester faktisk fungerer, og kvifor nokre utgjevingar får spreining medan andre stoppar opp. Gjennom å sjå på samspelet mellom data, brukaråtferd og plattformene sine tilrådingssystem, får du innsikt i kva som skjer når musikken din blir publisert – og eit betre grunnlag for å ta strategiske og smarte val i arbeidet med eige innhald. Herman Winther-Henriksen er label manager, head of marketing og creative director i Toothfairy.

Korleis bygge karriere og få UT musikken sin i 2026?

14:00 -
14:45

Er det best å gjere alt sjølv, eller må ein ha eit selskap i ryggen for å lukkast? Er det nok å legge ut musikken sin på Spotify? Er vinyl relevant? Kor viktig er radio i 2026? Med blant anna: Maria Bringsjord MTG Music, artist Gunn Kvaale frå Sogndal, Sigrid Moldestad artist og grunder av eige plateselskap, Vinyl-entusiast Atle Hamar og musikk sjef i NRKP1, Atle Bredal.

Skal eg velge norsk, dialekt eller engelsk?

15:00 -
15:45

Har det noke å sei i kampen for å slå gjennom? Med blant anna artisten TAUS frå Voss, artist Olivia Husabø frå Florø og musikk sjef i NRKP1 Atle Bredal. Journalist i NRK, Solveig Svarstad leier denne praten.



Arrangør – Bygg sterke arrangement saman

Er du arrangør, jobbar med festival eller konsert, eller drøymmer om å starte ditt eige arrangement? Då er denne bolken midt i blinken! Bli med på ein dag fylt med læring, nettverksbygging og inspirasjon – vi gler oss til å sjå deg på Luttprisen Fagdag!

**NKA presenterer:
Korleis kan vi bli eit
betre og større VI?**

**13:00 -
16:00**

Luttprisen samlar eit breitt spekter kulturaktørar frå heile fylket. La oss nytte anledninga til å finne ut korleis vi blir betre saman! Kommersielle muligheter kan være meir oppnåelige om ein står saman, det samme gjeld politisk påvirkning, logistikk, kompetansebevaring og mykje meir. I løpet av tre timar skal vi finne verktøya som ein treng for å styrke det store VI'et i regionen. For å leie denne workshopen kjem Torstein Løvlid, som er født og oppvaksen i Hornindal. Etter fleire år innan festival, teater, konsert, hotell og event-bransjen sit Torstein på brei kompetanse innan å drive kreative prosessar og oppdage økonomiske muligheter.

Sjåast vi i Førde?

Meld deg på via lenka
som ligg i Facebook eventet:
Luttprisen Fagdag 2026
eller e-post: kristin@oncue.no

Gratis å delta

Det er gratis å delta på Luttprisen Fagdag.
Inkludert i påmeldinga er gratis lunsj ved oppmøte.

12:00 -
16:45



Middag Open kafé og bar

Om du tenker å vere igjen i Førde til konserten som startar kl.19:00 eller du vil fylle på med energi før heimreisa, så får du som deltakar på fagdagen muligheit til å kjøpe middag som vert servert kl.16:45.

Det vert open kafé og bar i Røyst frå kl.11:15-19:00.

11:15 -
19:00



Få med deg Luttprisen 2026!

Luttprisen Fagdag er ein del av det som er ein årleg hyllest til musikklivet i Sogn og Fjordane. Ein knippe artistar set saman ein unik konsert som viser litt av det som rørte seg i musikkåret 2025. Det vert utdeling av prisar til Årets artist, Årets nykommar og Årets eldsjel. Showet startar kl.19:00, og som deltakar på fagdagen får du muligheit til å kjøpe billett til redusert pris.

19:00 -
20:45



Har du spørsmål?

Ta kontakt!

Kristin Sandal
Produsent Luttprisen 2026
Mob: 95285015
kristin@oncue.no

Luttprisen 2026



OnCue
music productions

NRK Vestland

Luttprisen

 **TEATER VESTLAND**

 **Royst**

PULS FØRDE
- kom som du er!

 **ALTI**
FØRDE

 **ENIVEST**